

Barn og unge kan glede seg til FestidaGen!

10.04.2014



Anna Kathrine(bak f.v.), Bettina, Janne, Ingunn(framme) Monica, Kristian og Hege presenterte eit særspennende program.

Under Festidalen i fjor var barne- og ungdomstilbodet FestidaGen nytt. Det vart ein gedigen suksess, og ca. 80 ungar deltok på 7 ulike tilbod. Det gav Festidalen ein ny dimensjon og understreka at Festidalen er eit arrangement for alle aldersgrupper, - for heile familien. I dag presenterte FestidaGen-nemnda årets program. Det var både meir omfattande og endå meir spennande enn fjoraårets suksess-program.

-Vi har prøvt å sy saman eit program med tilbod som vi ikkje har i alle bygder, sa leiar i nemnda Janne Gloppen Hjønnevåg då programmet vart lagt fram på pressekonferansen i kulturskulesenteret på Husnes i ettermiddag. Her har verkeleg nemnd på 7 medlemmer lukkast. Det er jammen mykje spennande å vera med på for den yngre garde i dagane frå torsdag 31. juli til laurdag 2. august.

Rockeband, Filmgruppe, Street Art/Graffiti og Hiphop var populært i fjor og er med på programmet også i år. Leiarane for desse gruppene er og stort sett dei same som i fjor. Musikkvideoen som filmgruppa laga i fjor kan de sjå ved å klikke [her](#).

Dei nye tilboda avspeglar og ting som er in i tida. Det spenner frå **trommegruppe** med det lokale stortalentet Sindre Aksnes som leiar til **Mini Newton** med ein av dei mest kjende utflytta kvinnheringar Per Olav Alvestad som stort sett presenterer smell og spenning kombinert med kunnskap i fjernsynsprogramma han leiar. **Cheerleading** og **Skatepark** er to aktivitetar som ikkje er daglegdags kost i Uskedalen. Det burde bli populært! Mange av dei minste vil nok vera med på gruppa om **Kunst i fjæra**. Kreativt og spennande, og ein flott oppfølgjar til gruppa som laga Fabeldyr i fjor.



Festidalen- kunstnaren Gaute Haugland lærer bort kunster også i år.

Sjakkfeberen rår, og dermed vert det ei gruppe kalla **sjakkmatt**, med internasjonal meister 2005, og sjakkspaltist i Dag og tid, Atle Grønn, som instruktør. Kanskje dette kan verte starten på eit lokalt sjakkmiljø?

Eit eige **FestidaGenblad** kan det og bli. Det er eit tilbod til fotograf- og journalistspirer som skal syta for at alt godt stoff frå dei ulike gruppene blir publisert ut til det store publikum på nettsider, og truleg også på eksisterande papiraviser.

Resultatet av arbeidet i mange av gruppene vert presentert i eit stort show laurdag. Det startar ute med skateboard-show kl.11 medan det held fram inne i Aktivitetshuset kl.12. Der vert og **Småstjerne**-konkurransen som har vore svært populær dei siste åra. Den har tidlegare vore arrangert av Systrene Nilsen, men er no ein del av FestidaGen-programmet. Kristian Arntzen, kjent moromann frå Stavanger, kjem for å leia det store showet.

Frå pressehald vart den lave deltakaravgifta nemnt.

- Vi ønskjer det skal vere eit billig tilbod, klargjorde nemnda. Prisen skal ikkje hindra nokon frå å vere med. Dessutan vert utgiftene halde lave sidan alle instruktørane/leiarane jobbar dugnad. Vi ønskjer flest mogeleg skal delta og ha glede av tilboda.



Det blir filmgruppe også i år.

Janne Gloppen Hjønnevåg er leiar i nemnda, og ho har med seg Anna Kathrine Bjelland Mathiesen, Bettina Ørbeck, Ingunn Ersland Myklebust, Hege Lekva, Monica Svelingen Hammer og Kristian O. Bringedal. For meir fullstendig informasjon om FestidaGen-tilbodet kan de trykkje [her](#). (nettsida til Festidalen) Der finn de og påmeldingsskjema, og påmeldinga er alt starta. Her gjeld det å vere første mann til mølla om det skulle verte fullteikna.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.